

POSTPENSJONISTANE I GUDBRANDSDAL
avdeling av Postens Pensjonistforbund

PROTOKOLL
Årsmøte 2022

Møtestad: Hafjell Hotell, 24.3.2022 kl 11.00
Til stades: 47 medlemar

- Sakliste:
1. Opning, godkjenning av innkalling og sakliste.
 2. Årsberetning
 3. Revidert rekneskap
 4. Handlingsplan 2022
 5. Innkomne forslag
 6. Vedtektsendring
 7. Budsjett 2022
 8. Valg
 9. Avslutning

Sak 1: Opning, og godkjenning av innkalling og sakliste, valg av møteleiar, sekretær og 2 til å underskrive protokollen.

Leiaren opna møtet, og ynskte gjester og medlemar velkomne. Det var ingen merknad til innkalling og sakliste. Leif Bredli vart valgt som møteleiar, Arve Nørjordet som møtesekretær, og Oddrun Storødegård og Inger Åse Marstein vart valgt til å skrive under protokollen, og alle desse vart valgt samrøystes

Sak 2: Årsberetning 2021.

Leiaren gjekk gjennom årsmeldinga, punkt for punkt. Dei som har gått bort i 2021 er Alf Martin Berg, Ole-Johan Skaarnes, Kari Falkenberg Hegge og Odd Martin Ludvigsen. Årsmøtet mintes dei døde, både i 2020 og 2021, med eitt minutt stillheit. Ved utgangen av 2021 hadde avdelinga 225 medlemar.

Det var ingen kommentarar, og årsmeldinga var samrøyses godkjend.

Sak 3: Revidert rekneskap 2021.

Kasseraren gjekk gjennom rekneskapen, post for post. Denne er oppgjort med eit underskot på kr 141 000,- For å få eit rett bilete av den økonomiske stoda, må både 2020 og 2021-rekneskapen sjåast i samanheng. Dette med utbetaling av DAM-midlane som vart utbetalt i 2020, men brukt i 2021. Det vanka ros til kasseraren for grei oppsummering og fin rekneskapsførsel. **Rekneskapen vart samrøystes godkjend.**

Sak 4: Handlingsplan 2022

Leiaren refererte handlingsplanen punkt for punkt. Det vart litt diskusjon omkring utgjeving av Postdølen. Det vart reist framlegg om månadleg utgjeving (12 nr) medan Styret sitt i handlingsplanen var 11 (fri i juli)

Framlegget fall mot 3 røyster.

Det vart gjeve ros til Styret for ein god og fylldig handlingsplan.

Etter dette vart, Handlingsplanen samrøystes vedteke.

Sak 5: Innkomne forslag

Det var ingen innkomne forslag

Sak 6: Vedtektsendring

Tillegg til vedtektene, § 9 i basisvedtektene.

"Valgkomiteens medlemmer velges for 3 år om gangen."

Tillegget vart samrøystes vedteke.

Sak 7: Budsjett 2022

Kasseraren gjekk gjennom budsjettforslaget. Det vart litt diskusjon omkring eigen andelar ved turane. Bakgrunnen for budsjettering i minus, er at det framleis er manglande pristilbod frå turarrangørane.

Vedtak: Årsmøtet tek samrøystes styret sitt budsjettframlegg til etterretning, med dei merknadane som kom fram.

Sak 8: Valg

Styret:

Leiar:	Leif Bredli	(ikkje på valg)
Nestleiar:	Unni Haugen	(attvalg for 2 år)
Sekretær:	Arve Nørjordet	(ikkje på valg)
Økonomiansvarleg:	Ola Hovdhaugen	(attvalg for 2 år)
Styremedlem:	Mary Korshaugen	(ikkje på valg)
1. vara	Sigrunn Bredli	(attvalg for 2 år)
2. vara	Inger Åse Marstein	(ikkje på valg)

<u>Revisorar:</u>	Ola Engen	(attvalg for 2 år)
	Knut Messenlien	(ikkje på valg)
vara	Odd Berntsen	(ikkje på valg)

Rodeleiarar:

Sørdalen	Bjørn Ødegård	(attvalg for 1 år)
Midtdalen	Mary Korshaugen	(attvalg for 1 år)
Norddalen	Oddrun Storødegård	(attvalg for 1 år)
Dovre/Lesja	Liv Ingrun Vist	(attvalg for 1 år)

Postdølen-redaksjonskomitè

Redaktør 1:	Trill Anita Farstad	((ikkje på valg)
Redaktør 2	Egil Haug	(valgt for 2 år)

Valgkomitè - nomineres av Styret

Medlem	Margit Garten	(valgt for 3 år)
Medlem	Kirsten Hagen	(valgt for 2 år)
Medlem	Terje Svensrud	(valgt for 1 år)

Vedtak: Alle valgt ved akklamasjon.

Sak 9: Avslutning.

Leiaren takka for eit godt og sakleg årsmøte.

Protokollen godkjent 24.03.2022

Inger Åse Marstein.

Inger Åse Marstein

Oddrun Storødegård

Oddrun Storødegård